

# CAPPELEN DAMM

## Podcast om språk i endring – spørsmål til diskusjon og forslag til aktivitetar

Start timen med Elevrådet frå Cappelen Damm og få fine diskusjonar i klasserommet. Elevrådet sender alltid eit dilemma eller eit spørsmål ut til klassen, men dei tek opp mykje anna de òg kan diskutere. Her er nokre forslag:

### Språklege hang-ups

Elevrådet diskuterer språklege «hang-ups». Kva meiner dei med «hang-ups»? Kva språk kjem dette uttrykket frå, og korleis ville de forklart det på norsk?

Har nokon i klassen språklege hang-ups, altså har de eksempel på språklege vanar/uvanar som irriterer dykk? Diskuter, og lag gjerne ei felles liste.

### Meldingsspråk – forkortingar på norsk og engelsk

Elias irriterer seg over engelske forkortingar i meldingar, som for eksempel IDK (I don't know – eg veit ikkje). Kva forkortingar brukar de mest i meldingar? Lag gjerne ei liste på tavla over dei mest vanlege forkortingane. Er det hovudsakleg norske eller engelske forkortingar? Har de fått nokon forkortingar de ikkje har forstått? Har de sendt nokon til andre som ikkje har blitt forstått?

### Kebabnorsk og utanlandsk

Kebabnorsk er ein type multietnolekt, altså eit slags blandingspråk som blir bruka av folk frå mange ulike bakgrunnar. Vi kan òg kalle det ein *språkstil* som gjerne blir bruka i nokre situasjonar, som når ungdom snakkar med kvarandre, men ikkje i andre, for eksempel når ein snakkar med foreldra sine. Men kvifor blir det kalla *kebabnorsk*, trur de?

Daniel ber Elevrådet om råd og skriv at han går i ein klasse med ganske mange «utanlandske elevar». Kva betyr det å vere utanlandsk? Trur de Daniel meinte at klassekameratane er utanlandske? Kva trur de han eigentleg meinte? Korleis kunne han ha formulert seg for å få fram tydelegare kva han meinte? Korleis trur de det kan opplevast for nokon som er fødd og oppvaksen i Noreg, å bli kalla «utanlandsk»?

### Uttrykk i endring?

Språkdoktor Christine Calvert nemner eit norsk uttrykk som ofte blir bruka feil, nemleg å gjere nokon ei *bjørneteneste*. Men forstå/kan de nokre av desse andre uttrykka?

- Kva gjer du dersom du græt *krokodilletårer*?
- Dersom du er *flaskehalsen* i eit viktig gruppearbeid, kva er du då?
- Korleis er eigentleg uttrykket som kan beskrive det å dømme ei heil gruppe for det berre éin eller nokre få har gjort? Er det:

Å dra alle gjennom same kammen?

*Å greie alle med same kammen?*

*Å dra alle over same kammen?*

*Å skjere alle over éin kam?*

*Å dra alle under éin kam?*

- d) Dersom du dreg aleine på kino med eit kjærastepar, er du då det *tredje* eller det *femte* hjulet på vogna?

## **Engelsk i norsk**

Du trur kanskje det er lett å vite kor mykje engelsk du brukar når du snakkar? I norsk brukar vi mykje meir engelsk enn dei engelske orda vi flettar inn i språket vårt. Her er nokre eksempel på *anglisismar*, altså ord og uttrykk som har opphav i engelsk:

vere opp for noko – å ha lyst til/på noko

frå toppen av hovudet – det eg kjem på i farten

gi ei hand – hjelpe

prislaust – veldig morosamt

la nokon vere aleine – la nokon vere i fred

stå ut – skilje seg ut

originalt – opphavleg

gå for noko – velje noko

tenkje – meine/synast/tru

Brukar de nokre av desse anglisismane? Kva for nokre andre engelske ord eller uttrykksmåtar brukar de i språket dykkar? Trur de at de brukar mange de ikkje er klare over?